

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Høyring - samordning av statlege innkjøp

Vi viser til høyringsbrev av 4.9.2013 om framlegg om samordning av statlege innkjøp.

1. Forventa effektar

På side 5 i rapporten er forventa effektar omtalt som følgjer: *«En eventuell enhet/organisering som foretar innkjøp på vegne av staten, vil kunne gi et mer profesjonelt innkjøpsmiljø, kostnadsbesparelser, samt bedre og billigere anskaffelser. Dette kan også bidra til færre regelbrudd, bedre tilrettelegging for innovasjon, og bedre ivaretagelse av miljøhensyn og samfunnsansvar. Samordning av statlige innkjøp kan også gi bedre mulighet til innsamling og rapportering av data om offentlige anskaffelser, og til å sammenstille og gi innsyn i hvordan offentlige midler blir brukt».*


Desse formuleringane er i tråd med dei forventningar vi vil ha til ei slik eining.

Profesjonelt innkjøpsmiljø:

Større spesialisering på innkjøp vert mogeleg når ein etablerer eit større innkjøpsfagleg miljø. Sett i høve til den type statleg verksemd som Lotteri- og stiftelsestilsynet er, med om lag 70 tilsette, så er det liten tvil om at ei større innkjøpseining vil kunne ivareta eit breiare spekter av kompetanse og kapasitet rundt det å handtere anbudsprosessar og innkjøp enn det vi sjølv greier med dei administrative ressursane vi har til dette. Regelbrot på innkjøpsområdet har etter vårt syn ein klar samanheng med grad av kompetanse og administrativ kapasitet. Regelverk og prosedyrekrav på området er relativt komplisert, så for mindre statlege verksemder er gjerne innkjøpsområdet ein viss risikofaktor.

No må det seiast at vi som mindre eller mellomstor verksemd ikkje nødvendigvis har vanskar med å handtere innkjøp, og ikkje nødvendigvis har fleire regelbrot enn større verksemder. På enkelte område ser vi det gjerne som strategisk viktig å vere tett på gjennom utforming av kravspesifikasjon og samarbeid med leverandør. Eit døme er typisk ikt systemløysingar og utstyr.

Vi må anta at statleg sektor med størrelsesmessig vidt ulike einingar også er svært ulikt samansett når det gjeld kapasitet og mogelegheit for fagleg spesialisering på innkjøpsområdet. Store verksemder har naturleg nok større innkjøpseiningar som med kompetanse på innkjøp og i tillegg spesifikk sektorkompetanse gjerne kan ha vel så gode føresetnader for å utøve ein innkjøpsfunksjon som det ei sentralisert eining vil ha.



Vår dato
10.12.2013

Vår referanse
13/05077-2/050

Betre og billegare anskaffelsar:

Som mindre/mellomstor statleg verksemd har vi på enkelte område erfart at vi vert for små til å kunne oppnå gode prisavtalar. Flytransport og hotell er truleg dei beste døma. Når det gjeld fly og hotell, så er vi av den oppfatning at statleg sektor prismessig ville tent på å opptre samla.

No er ikkje fly og hotell blant dei prioriterte avtaleområda, jf. avsnitt 5.5.2. Vi ser likevel at dei prioriterte områda kan vere interessante med omsyn til samordning, mellom anna ut i frå sannsynlegheit for å oppnå gode prisavtalar og effektiv og kvalitetsmessig handtering av anbod/kontrakt og innkjøp. Vi er ikkje usamde i dei områda som er valt ut.

Distriktseffektar:

Som lokalisert i Sogn og Fjordane vil vi påpeike distriktsperspektivet. Regelverket gir på ingen måte tilgang til, og vi har heller ikkje ønske om, å forfordle kontraktar til lokale leverandørar. På den annan side så er det viktig for oss med fleire at vi kan ha eit velfungerande næringsliv med god breidde ute i distrikta. Dette behovet er samansett. Det handlar om grunnlag for arbeidsplassar og lokalsamfunn, og derigjennom grunnlag for rekruttering til den type verksemd som vi representerer. Vi ønskjer på ingen måte å tildele kontrakt til t.d. ein lokal fiberleverandør fordi denne er lokal, men det er indirekte ein fordel for oss at denne leverandøren kan eksistere. Same døme kan vi gje i høve til leverandørar av: it-utstyr, kopimaskiner, rekvisita, kontormøblar og trykkeritenester/grafiske tenester. Vi har tydeleg erfart at lokale leverandørar, gjerne som del av landsdekkande kjede, ofte satsar tungt på å få levere til oss fordi dei ønskjer å ha oss som kunde i sitt nærområde. Dette kan vi dra effekt av gjennom at prisavtalane som vi oppnår vert gode, og vi kan leggje lista høgt når det gjeld responstid.

Dersom oppretting av ei sentral eining for samordning av statlege innkjøp skulle medverke til at det vert dei sentralt baserte leverandørane som i praksis får kontrakt på å levere til statleg sektor i heile landet, så vil vi rekne dette som eit sterkt motargument mot å opprette ei slik eining i det heile. Vi har nytte av å ha ei god breidde i blant lokale leverandørar i distrikta.

2. Lokalisering

Lotteri- og stiftelsestilsynet vart etablert i Førde i 2001. Vi, departementet og brukarane har etter alle tilbakemeldingar hatt gode erfaringar med etableringa og lokaliseringa. Tilgangen på kvalifisert arbeidskraft har vore god gjennom alle desse åra. Førde er eit vekstsenter i fylket og vi greier å rekruttere innanfor alle fag. Viktig for oss og brukarane er god flyforbindelse til Oslo med 55 minutt flytid. Verksemda har i dag det største juridiske miljøet i fylket med vel 20 juristar.

Etter vårt syn kan mykje ligge til rette for at ei eining for samordning av statlege innkjøp vert lokalisert til Førde i Sogn og Fjordane. Dersom det skulle vurderast hensiktsmessig vil Lotteri- og stiftelsestilsynet ønskje å tilby stabstenester/administrative tenester til ei slik eining: it-drift og utvikling, økonomi- og personalfunksjonar, arkiv, sentralbord. Ev. også kantine og møterom, samt AV-utstyr. Vi kan medverke gjennom å tilby prosjektorganisasjon for etableringsfasen, dvs. få på plass lokale, utstyr/system og drive rekrutteringsprosessane.




Vår dato
10.12.2013

Vår referanse
13/05077-2/050

Dersom aktuelt så må organisatoriske rolleavklaringar gjerast på departementsnivå, men vi er frå vår side positivt innstilte på å medverke.

Med helsing


Bjørn Morten Øen
avdelingsdirektør


Stig Starheim
økonomisjef